

# Revidert brev

03-January-2019

Liv Unneland  
Alverflaten 278  
5911 Alversund

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
03 JAN 2019	
Akk. saksn. 14/1235	Løp.dnr.
Saksn.	Tilgangskode

20.12.2018

Lindås kommune, plan- og miljøutvalet

Kvernhusmyrane 20,

**5914 ISDALSTØ**

## OMRÅDEREGULERING FOR ALVERSUND – PLANID 1263-200902

Eg viser til følgjande tidlegare dokument og møte:

- Skriv av 01.06.2016 frå FAU Trafikksikringsgruppe Alversund skule og underteikna. Gjeld farleg skuleveg, ønske om ny veg.
- Synfaring 03.01.2017 mellom Lindås kommune og underteikna m.fl., oppfølging av FAU sitt innspel om farleg skuleveg.
- Skriv av 23.01.2017 frå underteikna til Lindås kommune med framlegg i fem punkt.
- Skriv av 27.02.2017 frå Lindås kommune, dykkar referanse 14/1235 – 17/6687 om mogleg gangveg frå Alversund bru til Alversund skule.
- E-post frå meg til Lindås kommune om området sør for Alversund bru.
- Skriv av 06.04.2018 frå Lindås kommune, Første gangs offentleg ettersyn planid 1263-200902
- Skriv av 23.05.2018 frå Statens vegvesen til Lindås kommune, Merknad til offentleg ettersyn, Planid 1263200902.
- Skriv av 29.11.2018 frå Lindås kommune, planid 1263 - 200902

Med tilvising til punkta ovanfor, har eg følgjande merknad :

- I mitt skriv av 23.01.2018 stilte eg meg positiv til å leggja gang og sykkelveg til Alversund skule over min eigedom. Vidare stilte eg krav i fem punkt som direkte følgje av den ulempen som vegen vil påføra meg og bruket mitt, og at bruket endå ein gong lyt gje frå seg areal til det offentlege.
- Eitt av krava mine var mellom anna å omregulera området sør for Gabben bensinstasjon frå LNF-område til næringsområde. Behovet for ladestasjon har auka monaleg sidan dette skrivet vart sendt. (Merka som område I på tilhøyrande kart)
- Eit anna krav var at våningshuset mitt vart skilt ut av LNF-området og gitt egne grenser. (Merka som område II på tilhøyrande kart)
- På nemnde synfaringsmøte (03.01.2017) oppfatta eg det slik at det vart uttrykt forståing frå Lindås kommune sine representantar for mitt syn og mine ønske og krav.
- I høyringsdokumentet med tilhøyrande kart er det ikkje tatt omsyn til mine synspunkt. Derimot vert Gabben bensinstasjon innestengt mot sør og eksisterande Alversund skule av eit grøntområde, G3, jfr. pkt 6.1.2. Reguleringsføre mål s. 44, der Næring Bensinstasjon står oppført med 1843 kvm, om lag det som er i dag. Dette betyr at det

ikkje vert plass til ladestasjon i tilknytning til bensinstasjonen. Det er vel ikkje heilt i samsvar med sterke sentrale politiske føringar når det gjeld tilgang til ladepunkt. Faktisk kan det sjå ut som om eit meir eller mindre tilfeldig og grøntområde på baksida av ein skule som er vedteken avvikla, vert prioritert framfor næringsareal som faktisk er tenkt nytta til ein anna type grønt tiltak, nemleg ladestasjon.

6. Ordførar og varaordførar i Lindås var for ei tid attende, 30.04.2018, på verksemdsbesøk i Alversund-området. Samtalen mellom Lindås kommune si politiske toppleiing og eigarane av Gabben bensinstasjon AS var svært positiv, støttande og oppmuntrande om temaet ladestasjon i tilknytning til bensinstasjonen. Dette var eit prioritert område, fekk ein høyra.
7. Då høyringsdokumentet kom, ser det ut som om Lindås kommune sender svært uklare signal om nett dette området.
  - a. På den eine sida gjev politisk toppleiing uttrykk for at Gabben bensinstasjon må stå på for å få frigjort areal til ladestasjon, eit prioritert grønt tiltak i transportsamheng.
  - b. På den andre sida sender høyringsdokumentet i Lindås kommune sitt namn tydelege signal om at området det her er tale om, ikkje vert frigjort til næring, men at ein heller vil ha det til grøntområde.
  - c. Per i dag kjenner ein ikkje til at det er gjort vedtak om kva eksisterande Alversund skule skal nyttast til. Sanering av området, total omregulering og bruksendring, bustad, næring, park, kven kan spå om dette?
  - d. Kan forklaring på denne dobbeltkommunikasjonen vera så enkel at Multiconsult og Nordplan, som har utarbeidd planen, på det tidspunktet ikkje har hatt tilgang til mine merknader? Følgjeleg har dei tatt heile det innstengte LNF-arealet mellom Gabben bensinstasjon og Alversund skule til grøntareal og kalla det G3.
  - e. Dersom det er slik, skulle det vera lik enkelt å omdisponera arealet til næring og til den bruken eg har skissert over.
8. Ved gjennomlesing av Statens vegvesen sin merknad, og informasjon frå det pågåande planarbeidet elles, forstår eg at området vest for mitt våningshus vert meir aktuelt for ny gang- og sykkelveg til den nye Alversund skule. Dette endrar svært mykje av grunnlaget for mitt innspel av 23.01.2018.
9. **På den bakgrunn som skissert over, finn eg det rimeleg at det snarast vert innkalla til eit drøftingsmøte og synfaring mellom Lindås kommune representert ved både saksbehandlarar og politisk leiing, Gabben Bensinstasjon AS og underteikna med føremål å koma fram til ei god løysing for alle partar.**

**10. Vi ber om utsett iverksetting av vedtak, vedrørende min eigedom Gnr, bnr137,14**

Med vennleg helsing  
*Liv Unneland*  
Liv Unneland

Kopi til: ordførar og varaordførar, Gabben bensinstasjon AS